
Fra: Frode Endrè Mellingen <frode.mellingen@gmail.com>
Sendt: torsdag 20. juli 2017 16.38
Til: Postmottak Radøy
Emne: Vedr. Snekkevika bade plass.

Til rette vedkommande.

Me var i dag å bada med ungane i Snekkevika.

Snekkevika er ein idyllisk og lun bade plass som tidlegare år har vore veldig populær.

No for tida er vegen ned til Snekkevika attgrodd og det ligg fleire rotvelter langs vegen. Området ber preg av fråværande vedlikehald og prioritering.

Slik eg forstår det, er Snekkevika ein kommunal bade plass på privat grunn. Det er skilta bade plass og parkering for trafikantar nordifrå, men ikkje ifrå sør. For nokre år sidan vart det laga til eit toaletthus ved bade plassen.

Vegen ned til Snekkevika bør ryddast for attgroing og det bør plasserast ut eit par rastebenker nede ved bade plassen.

Dette vil gjere den myke meir attraktiv for alle som ynskjer å bruka den.

Auferar lagar fine rastebenker, og 2 slike hadde gjort god nytte. Litt betre skilting bør og komma på plass.

Eg er villig til å gjera noko arbeid på dugnad om grunneigar går med på det, og kommunen syter for materiell og redskaper.

Ber om tilbakemelding på dette skrivet.

Med helsing

Frode Endrè Mellingen